

Nærare deg, min død

■ JOHN NESSA

*Fastlege og kommuneoverlege i Hjelmeland.
1. amanuensis, Institutt for global helse ved Universitetet i Bergen*

Det var i utgangspunktet inga lang reise. Laurdag morgen står eg opp, går ned trappa og lagar frokost i selskap med NRK. Denne laurdagen var det Sangtimen på P1. Håkon Almelid frå Folkestad på Sunnmøre var gjest. Han drog oss med på ei lang og personleg reise gjennom sitt eige liv mellom alle songane han spela. Han avslutta programmet med å seie at han no var ein gammal mann og inne i livets haust-periode. Men det var ikkje noko problem. For han hadde ein god stad i vente, ein himmel som venta han der framme, der alle problem var fråverande. Då han hadde fått sagt dette, spela han ein enkel ándeleg sang, ei vakker salme av den amerikanske forfattaren Janie West Metzger, *Der roser aldri døyr.*

Ei god historie om døden

Neidå, eg fortel ikkje denne historia for å vitne om eit evig liv. Eg fortel historia for å fortelje om meg sjølv og min reaksjon på å høyre på sunnmøringen. Eg fortel historia for å fortelje at eg merka meg med interesse at her er det ein mann som midt i beste sendetid på riksdekkande radio fortel om sin eigen død. Det er ikkje daglegkost, heller ikkje på NRK. Andre synest kanskje ikkje det er så rart. Eg synest det er både engasjerande og artig å høyre om. For det anår oss alle. Vi skal alle døyr. Og det veit vi. Men kva som skjer når vi døyr, er det ikkje lett å finne ut av. Og slett ikkje lett å finne ord for. Den frimodige sunnmøringen skal ha honnør for at han gav sin versjon av dette. Sjølv om heller ikkje han har opplevd det han fortel om.

Fortellingane om døden

Eg trur eg er over gjennomsnittet interessert i døden. Kanskje det er fordi foreldra mine tok meg med i gravferder då eg var barn. Og dei var det mange av på landsbygda på 1950-talet. Eg er takksam for at eg hadde kloke foreldre som aldri skjulte døden som eit av livets store mysterier. Og eg

er takksam for at eg aldri opplevde tragisk død i nær familie. I ein elles stilleståande kvardag var gravferder noko spanande, noko ein kunne stole på ville skje med regelmessige mellomrom, noko som alltid hadde eit skjært av drama over seg. Og døden har følgt meg over i yrkeslivet. Døden er bakteppet for svært mykje av det vi driv på med generelt i medisinen. Den er referanseramma for mange av dei avgjerdene vi tar og dei handlingane vi utfører. Det er to openberre fakta ved eksistensen vår at vi fødes, og vi dør. Men mens fødselen har ein viss status, og gjerne kan gi namn til sjukhusavdelingar, så er det ikkje tilfelle med døden. Det heiter lindrande avdeling, namn som dødsavdeling eller liknande ville vore heilt utenkeleg. Sjølv på Radiumhospitalet, kor død er like vanleg som kneippbrød, er døden i følge Per Fugelli eit ikkje-ord. Vi veit det skjer, men vi vil helst ikkje omtale det. Eller for å seie det med Woody Allen: Eg har ingenting imot døden. Eg har berre ikkje lyst til å vere til stades når det skjer. Senter for lindrande behandling er eit uttrykk for at det har skjedd noko veldig positivt i vår kultur med omsorga for dei døande. Det faktum at døden nærmar seg, blir tematisert, og eit behandlingstilbod blir oppretta. Det har ikkje alltid vore slik. For ikkje alt for lenge sidan var strategien i helsevesenet ofte motsett. Lege og sosiolog Howard Waitzkin ved Harvard University har interessert seg for møtet mellom doktor og pasient. Han seier at interessa blei vakt som tenåring, fordi han blei så lei seg for den måten bestefaren blei møtt på då han blei alvorleg sjuk og skulle døyr:

As he was dying, his doctors maintained a circle of lies and distortions that left him confused and dispirited. Other well-meaning members of my family cooperated in these communicative maneuvers, all intended to keep up his moral and our family's ability to function.

Sagt på norsk: Dei fanga han i eit nett av løgner og utanomsnakk, som dei meinte måtte til for at familien skulle fungere i denne perioden.

Nærare deg, min død

Det som er felles for mest alle pasientane ved eit omsorgssenter eller ved ein lindrande eining er at dei alle veit at dette er endestasjonen i livet. Ein blir ikkje som på andre sjukehusavdelingar utskriven som ferdigbehandla og helbreda. Pasientane her veit dei skal døy snart. Alle veit vi at vi skal døy. Men hos desse pasientane er det påtrengande aktualisert at dette kjem til å skje i nær framtid. Vi andre fortengjer meir og mindre vår eigen død kvar dag, for desse pasientane blir akkurat det vanskeleg. Og sidan vi er narrative av natur – med eit så å seie biologisk behov for å uttrykke oss og fortelle historier, har vi også behov for å få døden i tale. Som Per Fugelli skriv:

«*Døden, hvor er du?* kaller jeg som på en savnet. Ikke fordi jeg vil bli hentet, men for å få den i tale.»

Eg trur det er stor skilnad mellom pasientane i behovet for å snakke om døden. Men eg trur og det blir snakka mindre om det enn det er behov for. Og eg trur dei fleste av oss har vanskar med å snakke ope og rasjonelt om døden, sjølv på ei lindrande avdeling. Det trur eg ikkje kjem av dødsangst eller redsel for tematikken. Eg trur rett og slett det primært handlar om at vi manglar eit språk om det som skjer når vi dør. Døden unndrar seg til og med den medisinske vitskapens sanseorgan, og den medisinske vitskapens språk. Døden tar sitt vesen med seg inn i det utilgjengelege, der verken MR biletet eller elektronmikroskop kan kaste lys over det som skjer, til ein himmel eller helvete eller kva det måtte vere kor case-controll studier ikkje lar seg gjennomføre. Både når vi tenker og lager fortellingar, er det ein tidsdimensjon over det heile. Vi refererer til ei fortid og fantaserer om ei framtid. Men med døden «går vi ut av tida», som det av og til heiter i dødsannonsen. «Resten er taushet», seier Finn Carling. Det er det moderne menneskets måte å sjå det på. Vi blir alle tause, også før tagnaden, tausheten, er eit faktum. Vi kan snakke om fødsel, vi kan snakke om alle andre livsfasar. Men overfor døden blir vi på eit vis

ILLUSTRASJONSFOTO: COLOURBOX



flaue og forlegne. Det var det som fascinerte meg med gjesten i sangtimen, at han valde seg eit språk til å snakke om sin eigen død. Han valde seg eit førmoderne språk som var allmennt i middelalderen, då han snakka om ein himmel som ein stad han skulle komme til. Og vi som moderne menneske med høg utdanning blir tause og forlegne av det vi hører sjølv om vi som høyer intuitivt forstår at himmelen er ein metafor for det han snakkar om, sin eigen død og dei førestillingane og forventningane han har til den.

«Nærare deg min Gud», syng vi i kyrkja. Nærare deg min død er sangen frå det tause koret av kvitkledde helsearbeidarar på lindrande eining. Det koret burde kanskje vere litt mindre taust. Eg trur den viktigaste kompetansen vi burde skaffe oss var å bli ein kompetent lyttar til alle fortellingane om livet deira og om døden som pasientane har behov for å formidle. Kanskje kunne vi hjelpe pasienten til å oppleve at det er ei rose som aldri døyr sjølv for den som snart skal døy. Det er ikkje berre religiøs eller kristen litteratur som minner om den. Mange poetar har kommentert det. Våre forfedre visste det. Vi har *Håvamål*:

Fe dør,
frendar dør, sjølv dør ein og.
Eit eg veit som ikkje dør
er domen over daudan mann
Der kor roser aldri døyrr...

Gjesten i sangtimen spela sangen *Der kor roser aldri døyrr*. Tittelen er ein sterk metafor som også Gunnar Stålesen bruker som tittel på ei av sine krimbøker. Svært dekkande tittel, spør du meg. For også den krimboka handlar om identitet; kven eg er og kor eg blei av. Sangen vakte også mi interesse. Eg eg ein forvitne type, nærast ein kikkar av natur. Så eg måtte finne ut kven det er som omtaler tilverret etter døden som roser som aldri døyrr. Kva fortelling om døden er det som skjuler seg bak sangteksten? Teksten er skriven av Janie West Metzgar. Ho blei fødd same år som far min, i 1915. Ho hadde to foreldre då ho vart fødd, men rakk å miste begge foreldra i løpet av sine

første 14 veker. Og som ei moderne Moses blei ho plassert i ei potekorg på trappa til ein barneheim tilhøyrande ei baptistkyrkje i Dallas. Ho hadde alle odds mot seg. Men i tråd med den amerikanske draumen vaks ho opp som ei gløgg jente, tok universitetsutdanning, og byrja tidleg å skrive songar. Ho gjorde seg også tidleg kjent med sjukdom og truande død, i form av ein leukemi som ho sleit med heile livet. Som prestekone og mor til fem barn var ho ei djupt religiøs kvinne som bobla over av tekstar og fortellingar:

I felt I was going to burst inside if I didn't write down all the poems, ideas and songs that God gave me after reading his words for hours.

Som ei samtidig med Elvis møtte ho han i Memphis, og skreiv songar til både han, Johnny Cash, Loretta Lynn og mange andre. Ho hadde ein djup og underleg avsky for den amerikanske kommersaliseringa av musikken. Difor insisterte ho på å publisere alle sine tekstar anonymt. Ho nekta alle å kjøpe, selje eller nytte musikken hennar for komersielle føremål. Det var kanskje difor eg ikkje fann spor etter henne på vår musikkreise til Memphis i Tennessee. Derimot var det lett å spore opp Elvis Presley. Hans Graceland hadde lite preg av «grace», spør du meg. Og hans livsvilkår var heller



Janie Metzgar med mannen sin William Metzgar.

ikkje så mykje å trakte etter. Det blir fortalt at når keisenda blei for dominerande i Presley sitt liv, la han seg gjerne inn på sjukehus. Rett og slett for å ha noko å finne på. Til slutt keia han seg til døde i piller og rus.

Men Janie West Metzgar slapp å lide den skjebnen som Elvis leid under: å bli søkkrik. Likevel skaffa ho seg eit evig liv på stjernehimmelen ved å time sin eigen død heilt perfekt. Ho døydde ikkje berre same dagen, men omtrent på same timen som Elvis Presley i 1977.

■ JOHN.NESSA@UIB.NO



Det var lett å spore opp Elvis Presley på musikkreise til Janie Metzgar til Memphis. Eg syntes Graceland hadde lite preg av «grace».

